



Filmskaparen Steven Spielberg, som her løftar eit av barna som spelte i Schindlers liste, vil dokumentera for all framtid vitneutsegnar til tusenvis av overlevande fra Holocaust.

FOTO: UIP

Samlar Holocaust-vitne i ein gigantisk database

Den suksessrike filmskaparen Steven

Spielberg byggjer opp ein gigantisk database med vitneutseigner frå jødar som overlevde Holocaust. Titusenvis av overlevande skal intervjuast på video.

Av Johannes Morken

Vårt Land

ARBEIDET med filmen om industrimannen Oskar Schindler, som berga fleire hundre jødar unna dødsleirane til Hitler, snudde opp ned på mykje i livet til mannen bak filmar som E.T. og Indiana Jones.

– Filmen endra synet mitt på livet og trua på Gud, seier Spielberg sjølv.

Dei som såg «Schindlers liste» hugsar sikkert sluttscenen: Filmen går frå svart-kvitt og over i farge når vi ser jødar som Oskar

Schindler berga og etterkommarar, legga steinar på grava til Schindler.

Det er herifrå Spielberg no går vidare: Han vil dokumentera personlege vitneutseigner frå tusenvis av jødar som, på same måten som dei som stod på lista til Schindler, unngjekk krematoria.

Databasen vil til domes gjera det mogeleg, med hjelpe av ei datamaskin, å studera ein spesiell togtransport til ein dødsleir. Ved å tasta inn nokkeldata om transporten, får han eller ho som styrer PC-en, høyrar vitneutseigner frå menneske som overlevde nettopp denne togtransporten.

Vil æra de overlevande

Filmskaparen Spielberg vil æra dei overlevande, støtta opp under kampen for toleranse mellom folkeslag og gjera sitt til at det skal bli uråd å nekta for at Holocaust verkeleg skjedde, skriv avis The Independent on Sunday.

Spielberg er ofte vorten spurð om kva som vert den neste filmen hans.

– Eg er i gang med ein redningsoperasjon. Vi skal gje dei overlevande ein sjans til å overleva to gonger. Vi vil gje dei sjansen til å overleva for altid, sa Spielberg.

Eg er i gang med ein redningsoperasjon. Vi skal gje dei overlevande ein sjans til å overleva to gonger. Vi vil gje dei sjansen til å overleva for altid, sa Spielberg.

Spielberg i New York nyleg under ein middag som var halden for å samla inn pengar til prosjektet.

Prosjektet har fått namnet «Survivors of the Shoah Visual History Foundation». Over 100 menneske er i gang med å samordna arbeidet som strekkjer seg over fem kontinent.

Også norske

– Stiftinga er svært interessert også i å intervju norsk overlevande fra dei nazistiske dødsleirane. Men forebels har ikkje leia presentert konkrete planar for intervjuarbeidet her i landet, seier Grete Bu til Vårt Land.

I sju månader var ho tilset i stiftinga i New York som kamerasistent og intervjuar. I dag arbeider ho med filmproduksjon i Oslo. Intervjuarbeidet er i full gang i USA, Canada og Australia. Dei første intervjuar er også gjorde i fleire europeiske land.

Under arbeidet med Schindlers liste kom Spielberg i kontakt med eit amerikansk prosjekt der målet var å intervju så mange overlevande som råd. Dette materialet var innlemt i Spielbergprosjektet.

Før 1997 er omme skal ein haer på 1500 menneske vera i full swing

med å intervju så mange som mogeleg av dei overlevande. Videopptak frå titusenvis av intervju skal digitaliseras. Også anna materiale som tekst, bilete frå leirane og kart skal inn i databasen. Museum i Israel og USA skal kunne kopla seg til dette elektroniske arkivet med direkte telefonline. Utgåver på CD-rom skal seljast til skular og andre institusjonar.

Vitneutseigner

– Til domes vil folk i Aust-Europa, der antisemitismen framleis eksisterer, kunna sjå vitneutseigner og kanskje sjå folk dei kjenner, som bur i nabologat, og høyrar erfaringane deira, seier ein av nokkelmennene i arbeidet, forskingsdirektør Ari Zev til The Independent.

Dei fleste som vert intervju har meldt seg sjølve og vil for fyrste gong fortelje offentleg om maretrettet i dødsleirane. Mange av dei som skal intervju overlevande, er sjølv barn av jødar som slapp frå dødsleirane i live.

– Vi vil fylla hol i det som alt er kjent, til domes høyrar korleis folk først kjende angsten. Dette kan berre opplevast gjennom vitneutseigner, seier Zev.

Peres ba etiopere om unnskyldning

JERUSALEM: Voldsomme protestaksjoner sist helg har tvungen et den israelske regjering til å sette et vanskelig og ømtålig sosialt problem på sin dagsorden. Regjeringen må finne ut hvordan mer enn 56 000 merkhudede, etiopiske jøder som innvandret på 1980-tallet kan bli integrert i det israelske samfunn og godtatt som samfunnsborgere på linje med alle andre.

Statsminister Shimon Peres ba i går offisielt om unnskyldning overfor den etiopisk-ættede befolkningssubgruppen. Han sa at landets helsemyndigheter opptrer dumt og uansvarlig når de nekter å bruke blod fra etiopiske jøder, fordi de mener blodet kan inneholde aids-smitte. De svarte jødena mener at dette er en tom unnskyldning, og at hele afferen er et utslag av hivit rasisme.

Føre tusen etiopiske jøder statte søndag sammen med israelsk politi utanfor statsministerens offisielle bolig, under en protest mot at israelske sykehus ikke bruker blod fra etiopisk-ættede gjere. Flere av demonstrantene kom også til skade i sammenstøtene etter at de hadde kastet steiner og røykballer og trengt igjennom politiets sperrelinjer. (NTB-AP-DPA)